

KLIMASNU – kandidatar 2020

	Kandidat	Om prosjektet
1	Innkjøpsamarbeid på Sunnmøre og Sunnmøre regionråd	<u>Kompetansehevande tiltak for miljøvennlege innkjøp.</u> Fokus på transport, bygg og anlegg, IKT, plast og mat. Anna Zäll er tilsett i Konserninnkjøp i Ålesund kommune – server store innkjøp for alle kommunane på Sunnmøre. Har gjort fleire grøne innkjøp mellom anna på rammeavtalar for møblar, bygg og anlegg, leikeplass, varebilar, PC, kvitevarer og elektronikk.
2	Ålesund kommune v/Anita Margrethe Hole Hofseth	<u>Registrering av matsvinn frå kommunale kjøkken 2 gongar årleg.</u> Omfattar 7 kjøkken. Fokus gjennom måling minkar matsvinn. Samarbeid med Anna Zäll i miljøvennleg innkjøp. Tar for seg maten frå innkjøp til brukar, og omfattar også ernæring. Har lagt om rutinar på «mosamat» etter funna frå målinga.
3	Norsol AS	<u>Nyttar 50 % resirkulert plast frå havsøppel i enkelte nye solskjermingsprodukt.</u> Foreløpig å få kjøpt i rullegardiner, men ynskjer å utvikle dette også i andre produkt etterkvart. Fokus på miljø i heile produksjonen.
4	Sykkylven kommune ved kulturavd.	<u>Installasjon av energisparande arme- og ventilasjonsanlegg i Storhallen i Sykkylven.</u> Har minka energiforbruket frå 181 til 79 kWh/m2.
5	Fallgard i Herøy	<u>Strandrydding.</u> Fokus på marin forsøpling og aktive i å sette i gong ryddedugadar i Herøy og på Søre Sunnmøre. Fleire tonn søppel er innsamla på deira initiativ. Samarbeid med bedrifter i industriområdet Mjølstadneset.
6	MMC First Process i Fosnavåg v/ Håvard Remøy og Marko Polter	<u>Strandrydding.</u> Initiativ til ryddeaksjon på industriområdet Mjølstadneset i Herøy kommune (utsleppsreduksjon). Stilte 60 arbeidrarar til rådighet og fekk i tillegg med seg 7 nabobedrifter.
7	Norwegian Greentech AS i Fosnavåg	<u>Reinsesystem for ballastvatn.</u> <i>Bedrifta har utvikla ei teknisk løysing på eit konkret krav til skipsindustrien. Spennande løysing. Energieffektiv.</i>
8	Teige Rederi i Fosnavåg	<u>Ny pelagisk trålar/ringnotsnurpar under bygging.</u> Energieffektiv og med miljøfokus. Rederiet har fått bygd ein ny båt utstyrt med stor LNG-tank i kombinasjon med diesel og ein stor batteripakke. Eksempel på den nye generasjonen fiskebåt. Hat tatt risikoen for at nye ting skal utviklast.
9	Metizoft AS i Fosnavåg	<u>Kartlegging av miljøfarlege materialar og væsker om bord i skip.</u> Frå A til Å i skipets livssyklus. Vraking av skipa kan dermed skje på ein måte som tek vare på miljøet, fordi ein veit kva materiale som skal handterast.
10	Havyard Hydrogen AS i Fosnavåg	<u>Oppretting av eige selskap med målsetting om utvikling av løysingar som mogleggjer nullutslepp frå større skip over større avstandar.</u> Vil møte etterspørselen etter løysingar som gjer at også større skip kan segle lengre avstandar med nullutslepp. Neste år vil dei vere klar med eit komplett hydrogensystem for skip.